

Referat frå styremøte i Herand Bygdelag.

Stad/tidspunkt: Herand Kulturhus, 16.12.2015, kl 19.00 – 21.00.

Til stades: Sigmund Eiken, Gunnar Dalseth, Kenneth Vikane, Marit Huus, Sonja Irene Skarde, Tone Belsnes og Kaia Gulbrandsen.

Meldt fråfall: Marta Bergstø

Sak 1, Godkjenning av sakliste og referat frå møte 17.11.15, ingen merknader.

Sak 2, Bygdelagsbasaren 29.12.15

Innspel frå basaren i 2014 vart diskutert, styret vart einige om å gjennomføre basaren likt som dei siste åra. Oppgåver vart fordelt; sal av lodd, innhenting av gevinstar, baking og ymse.

Sak 3, Årsplan for 2016

Fyrste styremøte i 2016 vert 19.01.16 kl. 19.00. Vidare årsplan vert sak på dette møtet og på eit felles møte med dei andre laga i bygda i slutten av januar.

Sak 4, Logo for Herand Bygdelag

Styret meiner bygdelaget bør få ein logo. Diskuterer dette med Landskapsparken i samband med ei eventuell samanslåing.

Sak 5, Utarbeiding av ny lønns og arbeidsavtale for reinhaldar på Herand Kulturhus
Pris for leige av vask etter arrangement endrast til faktisk brukt tid frå 2016.

Kasserar lagar ny avtale med reinhaldar.

Sak 6, Felles møte med andre lag og organisasjonar i Herand

Herand Bygdelag inviterer alle lag og organisasjonar til eit fellesmøte på Herand Kulturhus tysdag 26.01.16 kl. 19.00. Invitasjon kjem.

Sak 7, Eventuelt

- Herand Bygdelag har fått kr. 150.000,- i støtte til det nye kjøkkenet frå Gjensidigestiftinga.
- Bygdelaget har fått kr. 15.614,- i momskompensasjon for 2014.
- Pris på Herand Bygdeblad; årsabonnement aukar med kr 20,- til kr 270,-, enkeltblad til kr 75,-. Dette grunna auke i porto og trykking.

Neste styremøte i Herand Bygdelag er tysdag 19.01.16 kl. 19.00

Referat; Kaia Gulbrandsen